



Kvam herad



JONDAL KOMMUNE

Avtale om Hardangerbadet

Jondal kommune (kommunenr. 1227) og Kvam herad (kommunenr. 1238) inngår eit forpliktande samarbeid om eit badeanlegg i Kvam.

Namnet på anlegget er «*Hardangerbadet*».

Det vert utarbeidd ein samarbeidsavtale mellom dei to kommunane, avtalen har heimel i kommunelova §28-1c – «*Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd*».

Kvam herad er vertskommune.

Det vert oppretta eit eige kommunalt føretak i Kvam herad; «*Hardangerbadet KF*»

Brutto investeringskostnad vert dekkja med 95% av Kvam herad og 5% av Jondal kommune.

Rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) i Hardangerbadet KF vert dekkja med 95% av Kvam herad og 5% av Jondal kommune.

Avtalen gjeld i 20 år frå oppstart av anlegget.

Kvam herad, gjennom Hardangerbadet KF og med samarbeidspartnarar, er ansvarleg for gjennomføring av prosjektet.

Jondal kommune, framtidige Ullensvang kommune frå 01.01.20 får rett til å bruka anlegget, bruken vert regulert i eigen avtale.

Samarbeidsavtalen vil verta fremja som eiga sak som må verta vedteke av kommunestyra i Jondal og Kvam.

Partane har som intensjon at denne finansieringsmodellen kan nyttast i andre relevante prosjekt av regional interesse på tvers av nåverande og framtidige kommunegrenser.

1. Jondal kommune og Kvam herad har gått saman i eit forpliktande samarbeid for å byggja og driva ein symjehall i Øystese i Kvam herad, Hardangerbadet KF (HBKF)
2. Avtalepartane i HBKF er Jondal kommune og Kvam herad.
3. Prosjektet er basert på skisseprosjekt datert 01.11.2014 og førehandsgodkjente planar for spelemidlar 03.12.2015. Prosjektet er utarbeidd av LAB AS, Link Arkitekter AS og Multiconsult AS.
4. Fordeling av brutto investeringskostnad i HBKF skal skje etter ein fordelingsnøkkel der Kvam herad dekkjer 95% og Jondal kommune 5%.
5. Anlegget vert, etter planen, sett i drift i 2019. Ved eit evt. rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) i HBKF, skal Kvam herad dekkje 95% og Jondal kommune 5% av eit slikt underskot.
6. Dersom det oppstår eit underskot i HBKF på inntil 1 mill kr årleg, vil dette verta dekkja opp via midlar frå underskotsgarantiar finansiert av privat næringsliv. Garantien gjeld frå driftsstart og i 10 år framover.
7. Brutto investeringar er i utgangspunktet sett til 100 mill. kr. Jondal kommune sin del er sett til min 5%. Jondal kommune vil finansiera sin del på vilkår av tilsvarande private gåver.
8. Etter at momskompensasjon er tilbakebetalt til HBKF vert 1 mill kr. den sett av på eit bunde driftsfond i Kvam herad. Dette fondet kan berre nyttast til å dekkja Jondal kommune sin del av eit eventuelt underskot i HBKF, og etter dei private garantiane (jf. Pkt. 5). Underskotsgarantien gjeld i 20 år. Etter det kan fondet løysast opp.
9. Jondal kommune får rett til å bruka anlegget, bruken vert regulert i eigen avtale.

Jondal ?? . ??? . 2017

Norheimsund ?? . ??? . 2017

Jon Larsgard
Ordførar i Jondal kommune

Jostein Ljones
Ordførar i Kvam herad

1.